



Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga  
Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland  
Kystverket Vest  
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 10.06.2015  
Vår ref.: 2015/5440-3  
Sakhandsamar: Endre Korsøen  
Telefon: 917 64 632

## H-R-4 og H-R-11 Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512 - Søknad om auka areal til anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 10.06.2015 frå Blom Fiskeoppdrett AS om utviding av areal for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Lokalitet 10086 Rekeviki er godkjent for oppdrett av matfisk av laks og aure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 1560 tonn. Noverande etableringsløyve på lokaliteten er dagsett den 03.03.1994. Løyve er gjeve til eit stålanlegg som er 160 meter langt og 50 meter brent med plass til 16 merdar. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 8 dekar overflate areal.

Blom Fiskeoppdrett AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit anlegg med ei rammefortøyning som er 300 meter langt og 100 meter brent. Samla overflate areal for merdanlegget vil vera 30 dekar. Anlegget vil bestå av 3 merdar. Større ramme og dreining av anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyingsarrangementet. Kartet under syner omsøkt anlegg.



Verksemda søkjer ikkje om endring i MTB i anlegget. Produksjonskapasiteten vil framleis vera 1560 tonn.

Som bakgrunn for søknaden om endra anleggskonfigurasjon frå stålanlegg til plastanlegg oppgjev Blom Fiskeoppdrett AS mellom anna at dette vil medføre:

- Sikrare anlegg i høve til å unngå rømming av fisk.
- Betre miljøforhold under anlegget.
- Betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, og dermed betre oksygenforhold for fisken.
- Betre plass til fisken med tilhøyrande auka fiskevelferd.

Eksisterande lokalisering av anlegg har ein uheldig plassering i forhold til borttransport av avfallsstoffer. Det ligg langs land og får ikkje ein god gjennomstrøyming av vatn gjennom nøtene. Ved å flytta anlegget til omsøkt plassering vil ein få betre gjennomstrøyming i merdane og betre borttransport av avfallsstoffer. Blom Fiskeoppdrett AS meiner at med den omsøkte plasseringa og med eit godt føringsregime vil ein få tilfredsstillande miljøforhold under og ved lokaliteten.

Resultat frå miljøundersøkingane som har vore gjennomført har vist ei stabil utvikling. Siste rapport frå 2014 konkluderte med tilstandsklasse 2, god, på lokaliteten. Tidlegare undersøking datert 2013 syner tilstand 2, 2010 syner tilstand 1 og 2008 syner tilstand 1. For ytterlegare detaljar og informasjon viser vi til søknaden.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskriftena. Fylkeskommunen si vurdering er at tiltaket ikkje får vesentlege verknader for miljø eller samfunn, jf. Vedlegg III i forskriftena. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiaast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Lindås kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Blom Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerala/uttalen til vårt kontor. (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi: Blom Fiskeoppdrett AS